

Velkommen til nettverkssamling om kvalifiseringsprogrammet

19. September



Fylkesmannen i Vestland



19.09.2019



Nettverkssamling om kvalifiseringsprogrammet

Mål med samlingane

- Erfaringsutveksling og fagleg påfyll for Nav-tilsette som arbeider med KVP
 - Forum for alle Nav-kontor i Hordaland og Sogn og Fjordane
 - Bidra til at Nav-tilsette held ved like kunnskap om KVP, gjennomgang av regelverksendringar
 - Bidra til at innbyggjarane får sikra sine rettar til KVP
-
- Arbeidsgruppe
 - Fylkesmannen fasiliterer



Program

Klokkeslett	Program
09:00 – 09:15	Velkommen v/ Siren R. Skjerven, Fylkesmannen i Vestland
09:15 – 10:15	Informasjon om KVP v/ Elisabeth Munch-Ellingsen, Arbeids- og velferdsdirektorat
10:15 – 10:30	Pause
10:30 – 11:30	Gjennomgang av regelverksendringane om KVP og tilbakemelding på spørsmål v/ Mari Pleyrn, Arbeids- og velferdsdirektoratet
11:30 – 12:00	Drøfting i grupper, og spørsmål om tema til føredragshaldarar
12:00 – 12:45	Enkel lunsj
12:45 – 13:30	Erfaringsutveksling i grupper og oppsummering i plenum
13:30 – 13:45	Pause
13:45 – 14:45	Erfaringsutveksling i grupper og oppsummering i plenum forts.
14:45 – 15:00	Avslutning og evaluering



Erfaringsutveksling i grupper, oppgave 1

Ta utgangspunkt i innlegget om KVP regelverksendringane og dine erfaringar med bruk av regelverket

- Er det noko som er uklart, og som de ønskjer å vite meir om når det gjeld KVP regelverksendringa?
- Kvar gruppe prioriterer 1-2 spørsmål



Erfaringsutveksling i grupper, oppgåve 2

Det er ikkje lenger nokon avgrensing for kor mange gonger ein person kan delta i KVP, så lenge inngangsvilkåra er oppfylt, sjå sosialtenestelova § 29

- Del eksempel på saker der tidlegare KVP-deltakar har fått innvilga KVP på nytt
- Kva legg de vekt på i dykkar vurdering når tidlegare KVP-deltakar søker om KVP på ny? (Dette kan gjelde personar som tidlegare har fullført program eller som tidlegare har avbrote program)
- Suksesshistorier og/eller utfordringar knytt til dette?



Erfaringsutveksling i grupper, oppgåve 3

Høve til å gjennomføre utdanning, opplæring og læretid innanfor KVP er utvida, sjå sosialtenestelova § 30

- Del erfaringar og gode eksempel der utdanning og/eller læretid er del av KVP-program
- Del erfaringar om korleis de vurderer utdanning som del av program, knytt opp til tidsperspektivet ved innvilging av KVP som er maksimalt to år
- Del erfaringar med samarbeid med utdanningsinstitusjonar knytt til den enkelte KVP-deltakar
- Suksesshistorier og/eller utfordringar knytt til dette



Erfaringsutveksling i grupper, oppgåve 4

Regelverket er endra slik at det blir skilt mellom avbrot for ein periode og avslutning av program, sjå sosialtenestelova § 34.

Andre ledd gir vern mot avslutning av KVP ved fråvær knytt til ordinært arbeid, fødsel eller adopsjon det første året etter fråværets art.

- Del eksempel på saker der deltakar i KVP har fått vedtak om avbrot i program
- Korleis praktiserer de avbrot i KVP-program?
- Kva legg de vekt på i dykkar vurdering av om å mellombels avbryte eller avslutte?
- Suksesshistorier og/eller utfordringar knytt til dette?



Erfaringsutveksling i grupper, oppgåve 5

Ein programdeltakar som har avbrot i program for ein periode har ikkje rett til kvalifiseringsstønad og oppfølginga som programmet inneber, sjå sosialtenestelova § 35

Del erfaringar om kva de legg vekt på i dykkar vurdering av om det er behov for anna oppfølging av brukar i perioden programmet er avbrote

Del erfaringar om god praksis for å fange opp, og vurdere, gjeninntak i program etter avbrot.

(Har de ikkje praksis på området, kva vurderer de vil vere god praksis



Erfaringsutveksling i grupper, oppgave 6

Har det nye regelverket bidrege til at KVP er meir fleksibelt og tilgjengeleg for målgruppa, som var målet med regelverksendringane?



Erfaringsutveksling i grupper, oppgåve 7

Det er gjort ei språkleg endring i § 29 tredje ledd for å tydeleggjere at høve til å avslå søknad om KVP fordi Nav ikkje har høve til å tilby program, berre er meint for unntakstilfelle. Målet er å dekke dei tilfelle der det er forhold utanfor kommunes kontroll som gjer det uforholdsmessig byrdefullt å tilby eit tilpassa program

- Del eksempel på saker og/eller dykkar vurdering om kva tid det kan vere aktuelt å avslå søknad om KVP etter denne regelen



Avslutning

Evaluering

- Var denne nettverkssamlinga nyttig for deg?
- Kva var bra? Innspel til forbetring?

Neste nettverkssamling

- 28. november i Bergen
 - Tema: Innhald i kvalifiseringsprogram
 - For informasjon sjå Fylkesmannen si nettside og Vestlandsnytt
- Takk for i dag og god tur heim😊